



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2754 - 18/25720

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
24.10.2019

Godkjenning - tilkopling av bustad til kommunalt vatn - Gbnr 39/54 Gaustad Administrativt vedtak. Saknr: 333/2018

Tiltakshavar: Karl Anton Hopsdal
Ansvarleg søker: Stendal VVS AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søker har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til tilkopling til kommunalt vatn og plassering av vassleidning over gbnr. 39/1 og gbnr. 39/50 fram til eksisterande vassleidning på gbnr. 39/1 over fylkesvegen 245 - Ådlandsvegen.

Gbnr. 39/54 er matrikkelregistrert med eit areal på om lag 1,26 daa, og Karl Anton Hopsdal og Gretha Kristin Berg står registrert som heimelshavar. Eigedomen er bebygd med ein einebustad.

Vi viser til søknad med vedlegg jurnalført 29.11.18 og boreløyve frå Statens vegvesen, datert 08.04.19 motteke 23.10.19.

VURDERING:



Nabovarsling:

Tiltaket har ikkje vore nabovarsla. Dei av naboane som vert råka av tiltaket har signert erklæring om rettighet i fast eigedom og/eller avtale i samband med søknaden, og er såleis kjent med tiltaket. Kommunen vurderer det slik at øvrige naboar i litra grad vert råka i dette tilfellet. Vi krev difor ikkje ytterlegare nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

Lov- og plangrunnlag:

Plassering av vassleidningar er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). På bakgrunn av lengda er tiltaket søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.

Leidningane er omsøkt plassert på areal som er satt av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen. Ettersom plasseringa i dette tilfellet ikkje vil gje varige sår i terrenget eller vanskeleggjere landbruksdrifta, kan administrasjonen ikkje sjå at tiltaket er i strid med LNF-formålet.¹ Vi føreset i den samanheng at terrenget vert tilbakeført og sådd i.



Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjonar gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. På bakgrunn av omsøkt plassering kan administrasjonen ikkje sjå at avstandskravet i pbl § 29-4 gjer seg gjeldande i dette tilfellet, då omsynet til brannsikkerhet, lys og luft ikkje får betydning.

Kommunalt vassnett som gbnr. 39/54 ønskjer å kople seg til, vart etablert på gbnr. 39/1.

Privat rett til framføring og tilkopling av vass- og avlaupsleidning:

Det følgjer av pbl § 27-1 at «[r]ettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.» Det same gjeld for plassering av avlaupsleidning, samt tilkopling til felles leidningsnett, etter pbl § 27-2.

Tiltakshavar har fått løyve til graving og plassering av vassleidning over gbnr. 39/50 og på gbnr 39/1 ved avtale datert 29.10.18 og tinglyst 11.4.2011.

På bakgrunn av det ovannemnde finn administrasjonen at gbnr. 39/54 har sikra rett til framføring av vassleidning, samt tilkopling til kommunalt vassleidningsnett, i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2.

¹ Jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet i tolkningsuttalelse datert 10.6.2015, referanse: 15/2054-3.

Tilkopling skal skje som vist på situasjonsplan innsendt av Stendal VVS AS, journalført 06.12.18.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 06.12.18. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til plassering av vassleidning som omsøkt på gbnr. 39/54 via gbnr. 39/50 fram mot gbnr. 39/1. Plassering skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan og terrenget skal tilbakeførast og såast i.

Dei opplysingane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eide dom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

Meland kommune godkjenner at eideomen gbnr. 39/54 vert knytt til kommunalt vassanlegg på følgjande vilkår:

- Vilkår i boreløyve av 08.04.19 frå Statens vegvesen skal stettast.
- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
- Tilknyting skal skje i kum. Teknisk drift skal kontaktast før arbeidet vert satt i gang. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrlleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- + mva.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggeaksjonsvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tillatelse til tiltak GBNR 39/54

Kart

Gjenomføringsplan, erklæring om ansvarsrett

Søknad om nytt sanitærabonnement

Kopi til:

Karl Anton Hopsdal

Ådlandsvegen 684 5919

Mottakrar:

Stendal Vvs AS

Blombakken 1 5911

AI VERSIUND